


Avdeling: **REGIONAL**

Økonomirapport pr. april 2016

Budsjettansvarlig: **SANDAL**

Dato: **10. mai 2016**

## ÅRSPROGNOSE



## MOMENT OG KOMMENTARAR IFT AVDELINGSPROGNOSE

<b>KOSTNADAR</b>
Avvik kan koma blant anna av at stillingar er finansiert eksternt. Eit anna moment på kostnadssida er at det til no i år er det forbrukt ein del mindre på eksterne kjøp samanlikna med 2015.
<b>INNTEKTER</b>
Avvik på inntektssida har i stor grad samanheng med avvik på kostnadssida. Samla sett er det små avvik i avdelinga sin økonomi.
<b>KOMMENTARFELT PROGNOSE:</b>
Inntekts- og utgiftspostane er i stor grad kjende, og tilskotsmidlar som Regionalavdelinga utbetaler tar utgangspunkt i det ein faktisk har til disposisjon. Statlege overføringar kjem tidleg på året, medan utbetalingar knytt til samarbeidsavtaler og tilsegn vert utbetalt mot slutten av året og over fleire år. Per 31.04.2016 er det ikkje grunn til å varsle større avvik. Det er å nemna i samband med dette at regionalavdelinga har lagt vekt på å tilpassa seg ei langt lågare budsjetttramme inn i 2016 på ein mest mogleg smidig måte. Det har kravd kutt i årsverk og verkemidlar, og det er lagt opp til auka inntening. Med bakgrunn i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2016 er utsiktene til å rekneskapsmessig å kome i balanse meir krevjande enn nokon gong.

## MÅLOPPNÅING 1. TERTIAL 2016

Budsjettmål	Tiltak/ målsetjingar	Pr April	Prognose 2016
1 Sikre handlingsretta planar og berekraftig utvikling.	Utarbeide ny regional planstrategi.	Ok, godt i gang.	
	Framdrift for bergensområdeplanen.	Etter skjema.	Vil delvis oppnå mål.
	Framdrift kystsoneplan.	Etter skjema.	Vil delvis oppnå mål.
	Framdrift senterplan.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Iverksette klimaplantiltak.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
2 Bidra til eit robust og framtidsetta næringsliv.	Iverksette folkehelseiltak.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Utarbeide og gjennomføre tiltak ihht HNH.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
3 Sikre kunnskapsproduksjon og ei teneleg ressursforvaltning i Hordaland.	Gjennomføre tiltak innanfor resultatområda.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Framdrift reg. plan for kompetanse og arbeidskraft.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	Tiltak ism internasjonal strategi og deltaking i EU- program.	Etter skjema.	Ja, vil oppnå mål.

### KOMMENTARFELT BUDSJETTMÅL:


Regionalavdelinga er godt i gang med tiltaka knytt til dei fleste måla. Framdrift Bergensområdeplan og kystsoneplan: Utnevning av nye styringsgrupprepresentantar var oppe i fylkesutvalet i april i år. Framdriftsplanen per i dag er vedtak i desember. Om vi når måla knytt til desse to planane beror på om styringsgruppene går inn for nye høyringar. Tiltak i samband med internasjonal strategi og deltaking i EU-program: Det er ein målsetnad å samarbeide internasjonalt for å løyse felles regionale utfordringar. Det tar tid å få opp eit internasjonalt prosjekt av ei viss storleik og bygge gode partnarskap. At fylkesutvalet ikkje vedtok deltaking i Clean North Sea Multi Modal Transport Network, gjer det vanskelegare å få måloppnåing på dette resultatområdet i 2016. Utover dette ligg vi godt an.

## RISIKOVURDERING

FAKTORAR/ HENDINGAR	SANNSYNLIGHET	ØKONOMISK KONSEKVENS
1 Inntekter	Moderat	Lite negativt budavvik.
2		
3		

4			
5			

### FORBRUK REISEVERKSEMD / 2016 vs. 2015



**MERKNAD REISEVERKSEMD:**

I reiseverksemd ligg forbruk til bilgodtgjerdse (art 11600), kostgodtgjerdse (art 11610), administrativ forpleining (art 11620), andre reiseutgifter (art 11630) og reiseutgifter (art 11700). Desse kostnadane er samla ein viktig KPI for HFK i 2016. Noko lågare forbruk på dette området på regionalavdelinga hittill i år samanlikna med samme tidspunkt i 2015.